

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Tinghuset, Voss

**Dato:** 02.12.2016

**Tidspunkt:** 10:00 – 14.00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leder	AUR
Olav Turvoll	Nestleder	VIK
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SFFK

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iril Schau Johansen	MEDL	HOFK

## Merknadar

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO Aurland

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk signert av:

Noralv Distad Olav Turvoll

## Saksliste

Utvals-	Innhald	Lukka	Arkiv-
---------	---------	-------	--------

saksnr		saksnr
ST 26/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 27/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll	
ST 28/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - uttak av stein frå Styvi til bruk i Dyrdal	2016/4010
ST 29/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - gjennoppbygging av bakkemur på Salthella	2016/992
ST 30/16	Prosjektplass for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet	2013/3025
ST 31/16	Nærøyfjorden verneområdestyre - Tiltaksplan og bestilling av tenester av SNO i 2017	2016/4042
ST 32/16	Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret i 2017	2014/45
DS 13/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - løyve til motorisert transport til Hjølmo	2016/3526
DS 14/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - løyve til materialtransport til Hjølmo i samband med vedlikehaldsarbeid	2016/3164
RS 13/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - uttale til plan for uttak av stein på Styvi i samband med elveforbygging	2014/831
RS 14/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - delegering av myndighet etter naturmangfoldsloven § 69, 70, 71 og 73	2016/4052
RS 15/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - prosjekt sti og vandring - referat frå møte 31.08.16	2016/3358
RS 16/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - småbåthamn ved Krossanes - referat frå møte med verneområdeforvaltar 06.09.2016	2016/3424
RS 17/16	Møteprotokoll frå Verdsarvrådet sitt møte i Valldal	2013/3387

## ST 26/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 02.12.2016

### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 27/16 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 02.12.2016**

#### **Vedtak**

Olav Turvoll vart valt til å skriva under møteprotokoll 02.12.2016 saman med styreleiar.

## **ST 28/16 Nærøyfjorden landskapsvernombord - uttak av Stein frå Styvi til bruk i Dyrdal**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Noralf Distad sa seg inhabil i saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav a). Olav Turvoll tiltredde som leiar i saka.

I møte vart det lagt fram opplysningar frå sakshandsamar i Aurland kommune om at dei kunne klare seg med mindre mengde stein i Dyrdalselva enn det som var oppgitt i søknaden. Styret diskuterte saka på bakgrunn av løyvet som er gitt for uttak av stein til Styviselva (sak 13/14). I denne saka vart det vurdert å kunne ta ut inntil 500 m<sup>3</sup> med stein til elveforbygginga. Kunnskapen om området og tiltaket (naturmangfaldlova § 8) er vurdert som bra, og føre-var-prinsippet jf. naturmangfaldlova § 9 er ikkje tillagt vekt i saka. Ved å avgrensa det totale uttaket av stein til 500 m<sup>3</sup>, meiner styret den samla belastninga på området (jf. naturmangfaldlova § 10) ikkje aukar utover det som vart gjeve løyve til for Styviselva. Når tiltaket ikkje fører til vesentleg større uttak enn det som tidlegare er vurdert som akseptabelt, meiner styret det vil vera ein miljøforsvarleg metode (jf. naturmangfaldlova § 12) å nytte lokal stein frå Styvi. Det vil føra til kortare transportavstand, og det vil vera betre landskapstilpassing med stadeigen stein. Tiltakshavar må bera kostnadane med eventuelle miljøforringingar av tiltaket jf. naturmangfaldlova § 11. På denne bakgrunn vurderer styret tiltaket til ikkje å vera i strid med verneføremålet, og vil ikkje føra til nemneverdig skade på verneverdiane.

Nytt framlegg til vedtak:

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til å ta ut stein frå rasura på Styvi til bruk til elveforbygging i Dyrdalselva i tillegg til elveforbygginga i Styviselva. Totalt steinuttaket er avgrensa til 500 m<sup>3</sup>. Uttak av stein til Styviselva skal vera avslutta før det vert henta stein til Dyrdalselva. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48, og gjeld med følgjande vilkår:

- Det må innhentast løyve frå grunneigarane på Styvi før det kan hentast stein frå Styvi.
- Uttak av stein skal vera i samsvar med godkjent plan for uttak av stein frå Styvi (profilteikning Siv.ark.Jarle Sandvik 18.07.2016)
- Dei nedste store steinane skal liggja att for å få best mogleg landskapstilpassing.
- Arbeidet skal utførast på ein mest mogleg skånsam måte for natur- og landskapsverdiar.

- Når anleggsperioden er avslutta, skal området tilstella for å få best mogleg tilpassing til landskapet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

### Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til å ta ut stein frå rasura på Styvi til bruk til elveforbygging i Dyrdalselva. I tillegg til elveforbygginga i Styviselva. Steinuttaket er avgrensa til 500 m<sup>3</sup>. Uttak av stein til Styviselva skal vera avslutta før det vert henta stein til Dyrdalselva. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48, og gjeld med følgjande vilkår:

- Det må innhentast løyve frå grunneigarane på Styvi før det kan hentast stein frå Styvi.
- Uttak av stein skal vera i samsvar med godkjent plan for uttak av stein frå Styvi (profilteikning Siv.ark.Jarle Sandvik 18.07.2016).
- Dei nedste store steinane skal liggja att for å få best mogleg landskapstilpassing.
- Arbeidet skal utførast på ein mest mogleg skånsam måte for natur- og landskapsverdiar.
- Når anleggsperioden er avslutta, skal området tilstella for å få best mogleg tilpassing til landskapet.

## ST 29/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - gjennoppbygging av bakkemur på Salthella

### Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 02.12.2016

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Arild Dyrdal løyve til å gjennoppbygga bakkemuren på Salthella på gnr. 67, bnr. 2. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 c).

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Muren skal fylgja terrenget langs jordbruksarealet, og ha ein naturleg avslutting i kvar ende av jordbruksarealet. Muren skal ikkje vera høgare enn bakken bakanfor er i dag. Fundament for muren kan gravast ned i grunnen for å få godt feste for muren. Lengda på muren skal tilsvarende lengda på den gamle muren. Ut frå foto og kart viser dette mellom 30 og 35 meter.
- Bakkemuren skal murast etter tradisjonell byggeskikk for bakkemurar i området.
- Mindre mengder stein til muren kan plukkast i området rundt. Plukking av steinar skal ikkje føra til vesentleg endring av landskapet.

- Bak muren kan det fyllast opp med stein, grus og jord for å få bakken på høgde med muren, og slik at den vert tilpassa landskapet som er der i dag.
- Det hentast inntil 10 skuffer med grus som er vaska ut frå strandsona opp att frå sjøen for å nyttast som fyll bakom muren. Det kan brukast gravemaskin til dette arbeidet. Uttaket må utførast på ein måte som tek best mogleg vare på den naturlege sjøbotnen i strandsona.
- Det kan nyttast gravemaskin til fundamentet til muren, og fylla masse bak muren.
- Torv og jord skal leggjast til side medan gravearbeid pågår, og leggjast tilbake etter grave- og murarbeidet er slutført.
- Forvaltar skal vera med på synfaring på arbeidet før arbeidet er slutført.
- Løyvet gjeld i 3 år frå vedtaksdato, Det skal sendast rapport med bilde frå tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Det må avklarast med Aurland kommune om tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

### **Tiltaksmidlar til bakkemuren**

Nærøyfjorden verneområdestyreter fører tiltaket med bakkemuren opp på lista over tiltak som kan vera aktuelle for tiltaksmidlar i 2016/2017 til gjennoppbygging av bakkemuren.

## **ST 30/16 Prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Styret ynskjer å invitera aktuelle aktørar i arbeidet med besøksstrategi til eit møte i januar før prosjektplanen for besøksstrategien vert tatt opp til behandling. Styret inviterer følgjande til møte; verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden verdsarvpark, kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss, fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei ulike aktørane vert bedt om å leggja fram planar med planstatus, som kan vera relevante for besøksstrategien i verneområda.

Framlegg til vedtak frå styret:

Nærøyfjorden verneområdestyre vedtek oppstart av arbeid med besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet. Prosjektplan for besøksstrategi vert lagt fram i neste møte.

Nærøyfjorden verneområdestyre er styringsgruppe for prosjektplan og besøksstrategien.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre vedtek oppstart av arbeid med besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet. Prosjektplan for besøksstrategi vert lagt fram i neste møte.

Nærøyfjorden verneområdestyre er styringsgruppe for prosjektplan og besøksstrategien.

## **ST 31/16 Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan og bestilling av tenester av SNO i 2017**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

SNO og forvaltar orienterte om gjennomførte tiltak i 2016, og kom med framlegg til tiltak for 2017. Tiltaka i planen er sett opp i prioritert rekkefylgje.

På bakgrunn av notat som er utarbeid om metodar for måling og registrering av erosjonsskadar i Nærøyfjorden (Rapport 20209-R001, Uni Research) vil styret få gjennomført ei kartlegging av erosjonsskadane der sona for fartsreduksjon i Nærøyfjorden startar. Restmidlar frå sårbarheitsanalysen i 2016 skal nyttast til dette arbeidet. Styret vil ta kontakt med Aurland Hamnevesen for samarbeid om kartlegginga.

Tiltaksplan for 2017 vart samråystes godkjent.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner fylgjande tiltaksplan for 2017 (kostnadane er eksklusiv mva):

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidlar	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2017	Periode	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplan	Grunneigar	215 000	2017-2020	1
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplan	Grunneigar	90 000	2017-2020	2
Skjøtsel og vedlikehald av stiar og kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplanar i Dyrdal, Bakka, Nåli, Fresvik, Stokko, Nedbergo, postvegen	Grunneigarar, SNO	135 000	2017-2020	3
Restaurering av stiar, murar på postvegen, bakkemur på Salthella	Grunneigarar, SNO	100 000	2017-2020	4
Steinmur og torvtak på Skogastova, ferdigstilling	Grunneigar, SNO	10 000	2017	5
Besøksstrategi, informasjonstiltak i verneområda. Merking av stiar, rastepllassar	SNO, Verdsarvparken	60 000	2017	6
Sum		610 000		

Bestilling personalressurs SNO 2017	Prioritet
Oppfølging dispensasjonssaker jf. styrevedtak	1
Tilsyn, vedlikehald av postvegen Styvi – Bleiklindi, skjøtselsplan	1
Registrering av hekkefuglbestand, Grånosmyrane naturreservat	1
Oppfølging tenestekjøpsavtalar jf. skjøtselsplanar. Tiltak på Skogane. Tiltak på gamlevegen i Dyrdal	1
Kartlegging forynging av gran, Nordheimsdalen naturreservat	1

Overvåking av mispel i Flåm, og andre svartelista planteartar (Undredal)	1
Overvåke erosjon langs strendene i Nærøyfjorden (Dyrdal til Bakka) og fra Stokko til Undredal.	1
Tilsyn med rastepllassar langs fjorden, tiltak for utbetring	1
Rydding av skog rundt Bleiklindi	2
Skjøtsel av innmarka på Frønningen i Bleia naturreservat	2
Fartsmåling i Nærøyfjorden	1
Oppfølging stiprosjekt frå Brekke til Råken. Steinlegging av stien i 2017	1
Registrering av kulturminne ved smelting av isbreane	2
Tilsyn med status for verneskilt	1
Registrera Urvamue i Bleia naturreservat	1
Delta på styremøte/FRU-møte	1
Delta på innsamling av data om naturtilstand i samband med besøksstrategi	1

## ST 32/16 Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret i 2017

### Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 02.12.2016

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyr skal møte jamleg i 2017 for å arbeide vidare med forvaltningstiltak, besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

Feb./Mars:	Styremøte
Mai:	Styremøte/dialogmøte med FRU
Juni:	Styremøte med synfaring/overnattning
Sept:	Styremøte
Okt:	Styremøte/dialogmøte med FRU
Nov./Des:	Styremøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vert lagt fram for godkjenning i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 9. januar 2017.

**DS 13/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - løyve til motorisert transport til Hjølmo**

**DS 14/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - løyve til materialtransport til Hjølmo i samband med vedlikehaldsarbeid**

**RS 13/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - uttale til plan for uttak av stein på Styvi i samband med elveforbygging**

**RS 14/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - delegering av myndighet etter naturmangfoldsloven § 69, 70, 71 og 73**

**RS 15/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - prosjekt sti og vandring - referat frå møte 31.08.16**

**RS 16/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - småbåthamn ved Krossanes - referat frå møte med verneområdeforvaltar 06.09.2016**

**RS 17/16 Møteprotokoll frå Verdsarvrådet sitt møte i Valldal**